

Heiplanen

Fyresdal, 14.11.2011

Uttale frå SA 21c villreinvald

Som det sørlegaste og største valdet i Setesdal austhei villreinområde meiner me det er særleg viktig å prioritere trekkområde, og det er særleg viktig å sikre trekkveggar mellom nord og sør over riksveg 42 ved Bjørnevatn. Heiplanen synes noko uklar på dette punktet. Me håpar Heiplanen vil føre til at planar om fortetting og oppgradering av hyttefelt i vestenden av Bjørnevatn blir kraftig redusert. Dersom utbyggingsplanane blir gjennomført er me redd for at dette kan føre til at villreintrekket mellom sør og nordområdet i Setesdal Austhei kan bli stengt for godt.

Ein skal vera vera varsam med å legge for stor vekt på dei få simlene som er utstyrt med GPS-sendarar, men dei har i alle fall gitt oss verdifull informasjon om korleis reinen oppfører seg før han kryssar område med mykje menneskeleg aktivitet, som langs riksveg 42. Her blir reinen gjerne ståande og vente ei god stund før han dreg over, og når han fyrst vågar seg over skjer det fort. I ein periode da stamma i Setesdal Austhei var vesentleg mindre enn nå syntes det som om desse trekkvegane blei lite bruka. Nå har me fått dokumentert at dei blir tekne i bruk i alle fall når beitetrykket er stort nok. Me ser også kor sårbart dette trekket er for både bestandsendingar og menneskeleg aktivitet. Det er vesentleg skilnad på aktiviteten i eldre veletablerte hyttefelt med moderat standard og felt som blir fortetta og oppgradert til høg standard. Me stiller oss undrande til at det blir godkjent planar som legg opp til meir hytter i området. Her må nokon (Villreinlaget, Villreinnemnda og Fylkesmannen) ha sove i timen? Me håpar det ikkje er for seint å rette på dei feila som må vera gjort med dette.

Me har ingen særlege merknader til den føreslegne grensa for nasjonalt villreinområde i Fyresdal, men synes overgangen mellom nasjonalt villreinområde og område for bygdeutvikling verkar brå i delar av villreinområdet på Setesdalssida. Det gjeld særleg sør for vegen frå Åraksbø til Årdalen, der ei omsynssone til villrein med krav om konsekvensutgreiing ville ha vore meir naturleg. Dette området grensar også inntil vår del av det nasjonale villreinområdet.

I arealbrukskartet for villrein var det tidlegare lagt inn trekkveggar også over Birtedalsvegen i Ljosdalen. Dei er nå tekne bort og eit belte langs vegen er markert som sone for bygdeutvikling. Me meiner tilhøvet til villreininteressene ikkje er avklara i dette området, og vil av omsyn til villreinområdet vidare sørover på austsida av Nesvatn rå i frå at det blir gitt rom for meir hyttebygging her. Vidare hytteutbygging bør konsentrerast til eksisterande hytteområde ved Birtevatn.

Me vil generelt åtvare mot å legge for stor vekt på at reinen i Setesdalsheiane er av tamreinopphav. Det er noko reinen her har til felles med dei fleste andre villreinstammene i Noreg, inkludert Hardangervidda. Forsking har vist at reinen sin oppførsel i stor grad blir bestemt av reinen si erfaring med menneske som jeger og predator, og ikkje bare av genar. Derfor vil det vera nødvendig med tiltak som kan kanalisere ferdsel og anna aktivitet på ein måte som er til minst mogleg sjenanse for reinen. Simler med kalv (fostringsflokkar) er varare enn bukkane og brukar ofte andre delar av

området. Arealbruken vil også variere med årstid og slitasje på vinterbeitet. Det betyr at villreinen er arealkrevjande og ekstra utfordrande for forvaltninga.

Villreinen er ein viktig ressurs for bygdene, både som jaktobjekt og som opplevingsverdi. Med ei fornuftig arealforvaltning vil ein kunne sikre at denne ressursen vil bidra til større verdiskaping og glede også i framtida.

For villreinvalid SA 21c

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Helge Kiland', written in a cursive style.

Helge Kiland, formann